




Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200908393-5/313/SOLSVE


Dykkar ref.:

Bergen, 30. november 2009

Høyring av forslag om nye bestemmelsar for godkjenning til akvakultur av laks - aure og regnbogeaure til særlege føremål

Vi viser til Dykkar brev av 18.08.2009, Høring av forslag om nye bestemmelser for tillatelse til akvakultur av laks - ørret og regnbueørret til særlege formål. Saka vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 19.11.2009. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune meiner mange av løyvetypene i denne forskrifta har viktige funksjonar for opplæring, forskning, folkehelse og reiseliv og stor modernisering av regelverket.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til at storleiken på fleire av løyvetypene til særlege føremål kan tildelast på eit nivå som er realistisk i høve til kommersielt matfiskoppdrett.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer at forskrifta skal klargjerast med omsyn til fylket si rolle i samband med oppgåvereforma som uttalt i Ot.prp. nr. 10 (2008-2009).
4. Hordaland fylkeskommune ynskjer at løyve til "fiskepark" vert tidsavgrensa til meir enn 5 år og at storleiken vert vurdert i kvart tilfelle utan tak på 2 tonn produksjon.
5. Det er ynskjeleg at fylkeskommunen vert konsultert og trekt inn ved oppretting av faggrupper, og som bidragsytarar i desse. Dette gjeld særleg for dei løyvetypene som er relevante for vidaregåande opplæring og for regional utvikling.


Jan Per Styve
strategi- og næringsdirektør

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.